



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 31/2020

Møtedato: 29.9.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA PÅ SIDE 2:

S716, Bukono – søknad om inngjerda beite

Stølsbrukaren søker om ca.120 daa til beite ved stølen i Bukono. Det blir drive aktivt stølsbruk med mjølkeproduksjon og føringssdyr. Det er i dag 149 storfe på driftseininga.

Statskog og fjellstyret såg på saka under befaring den 8.6.20.

Utvising av inngjerda beite er regulert i §5 i stølsforskrift:

§ 5. Beiteareal, inngjerding, natthamning og gjetarbu


Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtjør behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.

Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjetarbu skal sendast til fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjetarbu, og fastset dei nærmere vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjetarbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelige vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.

Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret. I avgjerala kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde sokjaren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.

Når beitearealet eller gjetarbua ikkje lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbua skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føresegnene om fjerning av hus i § 8 tilsvarende.



Framlegg til vedtak i sak 21/20:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Vedtak i sak 21/20 i møte den 22.06.2020:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Ny behandling etter offentleg ettersyn:

Saka har lege til offentleg ettersyn.

Det er komme merknad frå Statskog ang dette tiltaket:

Forutsatt at fjellstyret utviser beiteareal har ikke Statskog noen innvendinger mot at arealet gjordes inn, jf. Fjellovens §12. Inngjerdingen skal ikke stenge stier og naturlige ferdssårer i terrenget. Før inngjerding kan gjennomføres forutsettes det at areal er konkret fastsatt på kart eller i terrenget ved befaring. Utvisningen skal avmerkes i henhold til det som er vanlig praksis i Vestre Slidre og få tildelt eget festenummer.

Fjellstyret hadde i møte den 1. september 2020 ei drøfting om inngjerding knytt til m.a. kjøttfe osv. I den samanheng var det også diskutert denne inngjerdinga.

Oppsummert frå denne drøftinga skal det vere eit skilje mellom kjøttfe/sau og mjølkekyr. Vidare kan ein ved større inngjerdingar diskutere form for gjerde, der ein ynskjer å ivareta fleire brukargrupper der dette er mogleg.

Sakshandsamar har og vore i dialog med Tom Andre Vistemyren ang denne inngjerdinga, og spurt korleis dei stiller seg til eks gjerde av straumtråd som dei tek opp om sumaren, og tek ned att om hausten når dyra er take heim for å gje fleire brukargrupper tilgang til arealet. Ein tenker då særskilt på rypejakt osv.

Dette er m.a. nyttig som løysing i Øystre Slidre statsallmenning for større inngjerding.

Tom Andre Vistemyren er ikkje negativ til ei slik ordning. Vidare er drifta på denne garden av ein slik art (med totalt 149 storfe), at det er naudsynt med omsøkt areal. Dette ligg til grunn for den vidare sakshandsaming.

Når det gjeld uttale frå Statskog, vil føreslegen inngjerding ta omsyn til stigar/ naturlege ferdslé årer. Det er ingen stigar avmerkt på kart som vert berørt. Det er heller ikkje komme merknader får andre stølsbrukarar, så ein må dermed anta at dette ikkje har negative verknader for andre krøtter flokkar/ andre interesser.

Tiltaket er vurdert etter Naturmangfaldlova § 7, jf. prinsippa i §§ 8-12.

Det er funne følgjande:

«Fjellfrøstjerne» - ein ansvarsart men som er i kategori «livskraftig».

«Blankstarr» - ein ansvarsart men som er i kategori «livskraftig».

Dette er artar som har livskraftige bestandar, og er knytt til beite/kulturmark. Ein kan dermed ikkje sjå at det vert negative verknader av ytterlegare beiting kan ein ikkje sjå at den samla belastninga er så stor at dette har ein stor økologisk rolle for heilskapen.

Det er ikkje andre registreringar i Naturbase eller Artsdatabanken sitt kart som er til hinder for tiltaket. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området.

Med dette som utgangspunkt, tilrår administrasjonen at Støl S716 vert tildelt beiteareal slik skissert i søknad.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret finn det dokumentert at søkeren har behov for inngjerda beite, arealet er skikka og det ikkje er til skade for bruksrettar. Fjellstyret vedtek å vise ut areal, jfr søknad til inngjerda beite etter stølsforskrift §5.

Endeleg avgrensing av arealet blir avgjort etter befaring til våren. Fjellstyret tilrår at søkeren får gjerda inn arealet, men det bør setjast krav til straumtråd, som skal takast ned før rypejaka startar dersom dyra er take heim.

Vedtak:

Som forslaget, samrøystes

Vedtak om utvising av beite er enkeltvedtak etter forvaltningslova og det er klagerett over vedtaket jf. reglane i forvaltningsloven. Tilråding om inngjerding er ikkje enkeltvedtak og det er ikkje klagerett over denne del av vedtaket.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument.

Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 30.09.20

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
Trine Vistemyren, Øyarvegen 53, 2960 Røn
Vestre Slidre kommune